



# Nasjonalparkstyret for Reinheimen

## Årsrapport 2015




## Forord

Reinheimen nasjonalpark med landskapsvernområda Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen vart oppretta i 2006.

6. mars 2013 vart det første nasjonalparkstyret for Reinheimen konstituert. Styret for 2013-2015 vart oppnemnd av miljøverndepartementet ved brev av 08.01.2013. Fram til ny nasjonalparkforvaltar vart tilsett våren 2014, var det tidlegare sekretær for kontaktutvalet for Reinheimen (KUR), som fungerte som nasjonalparkforvaltar i Reinheimen. Det vart tilsett ein nasjonalparkforvaltarar for Reinheimen i 2014, med kontor på forvaltningsknutepunktet Norsk Fjellmuseum i Lom. Nasjonalparkforvaltaren er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for «den daglege drifta».

Årsmeldinga gjev ei framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid, tiltak og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde.



- utsikt mot Skaihø, frå kontoret til nasjonalparkforvaltaren i Lom

Lom, 08.03.2016

Kristine Sørli  
Nasjonalparkforvaltar i Reinheimen

Framsida:

- Nasjonalparkstyret på synfaring i Finndalen 09.06.15
- Villrein, foto: Kjell Stålevik

Dersom det ikkje står, er dei andre bileta i rapporten teke av Kristine Sørli

## **Innhald**

Forord .....	2
1. Verneområda – status .....	4
2. Aktørar i verneområda .....	4
Nasjonalparkstyret .....	4
Nasjonalparkforvaltar .....	5
Naturoppsynet .....	6
Andre sentrale myndigheter .....	6
Brukarar .....	6
Sentrale dokument .....	7
3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2015 .....	7
Spesielle saker .....	8
Økonomi .....	9
4. Aktivitet .....	10
Informasjon .....	10
Skjøtsel og vedlikehald .....	12
Arrangement i og rundt verneområdet .....	13
5. Vidare arbeid .....	13
Revisjon av forvaltningsplanen: .....	13
Besøksstrategi: .....	14
Kartleggingsarbeid: .....	14
Ny merkevare og besøksstrategi for Norges Nasjonalparker: .....	14
6. Glimt frå 2015 .....	14

## 1. Verneområda – status

Reinheimen nasjonalpark og Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen og Tafjorden-Reindalen landskapsvernombord vart oppretta ved Kgl. res. 24.11.2006. Verneforskriftene set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen for Reinheimen vart utarbeidd i to fasar med brei prosess i alle dei 6 kommunane; Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal. Forvaltningsplan trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og presiserer og utdjupar verneforskriftene. Forvaltningsplan tek og omsyn til krav m likebehandling i saker av lik karakter. Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

## 2. Aktørar i verneområda

### Nasjonalparkstyret

Frå 2007 var det dei 6 kommunane med areal i Reinheimen som hadde forvaltningsansvaret for verneområda innafor sine kommunegrenser. I tillegg var det oppretta eit rådgjevande samarbeidsorgan, kontaktutval for Reinheimen (KUR). Forvaltningsmyndigheita for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernombord vart overført frå dei 6 kommunane til nasjonalparkstyret hausten 2012. Miljøverndepartementet oppnemnde representantar til nytt nasjonalparkstyre i brev av 08.01.13. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda, og ein representant frå Ottadalen Villreinutvalg. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen konstituerte seg i møte 6. mars 2013.

Styret for perioden 2013 – 2015 var:

Rolle	Ordinært medlem	Varamedlem	Representerar
<b>leiar</b>	Per Magnus Berdal	Kristin G. Sandnes	<i>Norddal kommune</i>
<b>nestleiar</b>	Rolv Kristen Øygard	Bente Aamot Skjåk	<i>Skjåk kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Iselin Jonassen	Steinar Håkenstad	<i>Vågå kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Bjarne Eiolf Holø	Anne-Lise Marstein	<i>Lom kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Steinar Tronhus	Hanne Alstrup Velure	<i>Lesja kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Tove Merete Røvik Istad	Torbjørn Rødstøl	<i>Rauma kommune</i>
<b>styremedlem</b>	Rannveig Brennhaug	Stig Aaboen	<i>Villreinutvalget for Ottadalen</i>
<b>styremedlem</b>	Frøydis Austigard	Bjørn Inge Ruset	<i>Møre og Romsdal fylkeskommune</i>
<b>styremedlem</b>	Mariann Isumhaugen	Lars Elsrud	<i>Oppland fylkeskommune</i>

På konstituerande møte 6. mars 2013 vart det også oppretta eit arbeidsutval for styret med følgjande medlemmar:

Rolle	Ordinært medlem
<b>leiar</b>	Per Magnus Berdal
<b>nestleiar</b>	Rolv Kristen Øygard
<b>medlem</b>	Rannveig Brennhaug

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Fylkesmannen i Oppland og postadressa er:

*Nasjonalparkstyret for Reinheimen  
Postboks 987  
2626 Lillehammer  
e-post: [fmoppost@fylkesmannen.no](mailto:fmoppost@fylkesmannen.no)*

## **Nasjonalparkforvaltar**

Sekretariatet består av ein nasjonalparkforvaltarar, som skal førebu saker for styret, drive informasjonsarbeid og halde kontakt med brukarar av verneområda.

Kristine Sørlie er tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad på forvaltningsknutepunkt og besøkssenteret Norsk Fjellmuseum i Lom. Kristine har arbeidd på Norsk Fjellmuseum med formidling og nasjonalparkinformasjon før ho vart tilsett som forvaltar. Ho har i tillegg erfaring frå arbeid i fjellet, vore lærar, og har lang erfaring innan offentleg forvaltning på kommunalt nivå.

Det var budsjettet med 2 forvaltararstillingar i Reinheimen. Men sidan prosessen om lokalisering av forvaltningsknutepunkt for Reinheimen drog ut i tid, så vart det berre utlyst og tilsett 1 forvaltar i 2014.

Nasjonalparkforvaltaren er tilsett administrativt hos Fylkesmannen i Oppland, men er underlagt nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Fylkesmannen har ingen instruksjonsrett i forhold til nasjonalparkforvaltaren sitt arbeidet for nasjonalparkstyret, men kan nyte nasjonalparkforvaltaren til andre arbeidsoppgåver ved behov og i samråd med nasjonalparkstyret.

Det er stort arbeidspress for ein forvaltar i Reinheimen, med mange enkeltsaker og oppfølging av tiltak i verneområdet. I samband med ferieavvikling har både Bjørn Dalen (forvaltar i Breheimen) og Kari Sveen (forvaltar i Jotunheimen) arbeidd med Reinheimen.

Nasjonalparkstyret er klar over at det er ei stor saksmeng på ein forvaltarstilling, og gjorde vedtak 12.09.14 i sak 29/14 , om å søke klima- og miljødepartementet (KLD) om at det vert sett av tilstrekkelege midlar til å styrke den administrative ressursen for Reinheimen nasjonalpark. Saka vart sendt KLD og miljødirektoratet, og styreleiar har i tillegg hatt samtale med Klima- og miljøminister Tine Sundtoft om behovet.

KLD svarte slik i brev av 25.02.2015: «*Vi syner til epost frå nasjonalparkstyret for Reinheimen motteke 8. oktober 2014 og 6. februar 2015 om førespurnad om auka ressursar til forvaltninga av Reinheimen nasjonalpark og dei andre tilhøyrande verneområda.*

*Vi er klar og over at det er utfordringar med omsyn til forvaltninga av verneområda i Reinheimen. Vi forstår difor at det er ønskje om ein forvaltarstilling til. Vi vurderer alltid talet på forvaltarar ut i frå løyvingane i statsbudsjettet. Inneverande år vart det ikkje løvd midlar til nye forvaltarstillingar.»*

I budsjettet for 2016 er det no satt av midlar til tre nye nasjonalparkforvaltarar. Ein av desse stillingane er tildelt Reinheimen nasjonalparkstyre, jf. vedlagde brev frå Miljødirektoratet 18.02.2016.

## Naturoppsynt

Statens naturoppsyn (SNO) er den utøvande og kontrollerende delen av forvaltninga av verneområda. SNO skal ikkje drive forvaltning, men skal følgje opp miljølovgivinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheter. I tillegg skal oppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar.

SNO er organisert som ein del av Miljødirektoratet, med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Per Olav Haugen og Thomas Rødstøl er tilsett i SNO med Reinheimen som hovudområde. Per Olav Haugen har kontor i Bismo i Skjåk, og Thomas Rødstøl har kontor på Åndalsnes i Rauma.

I tillegg kjøper SNO i Reinheimen tenester av fjellstyrrene og andre. Tenestekjøp omfattar både tilsyn og utføring av tiltak. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstypesamband om tenestekjøp over heile landet med lik timesats. For Reinheimen blir det kjøpt tenester av fjellstyrta i Lesja, Finndalen og frå Skjåk Almenning. SNO i Reinheimen bruker og ein betydeleg del av sin arbeidstid på registrering av jerv, villreinteljing og jaktoppsyn under villreinjakta.

## Andre sentrale myndigheter

Det er også andre myndigheter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda. Kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Rauma og Norddal har alle areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. I tillegg har Reinheimen-Breheimen Villreinutvalg ansvar for villreinstammen i området, og god dialog er særleg viktig for og ivareta villrein sitt leveområde. Kommunane har myndighet etter plan- og bygningslova og motorferdsellova. Ofte må sokjarane avklare søknad om løyve til kjøring både etter reglane i verneforskrifta og generelt lovverk (plan- og bygningslova eller motorferdselslova). Administrativt kontaktutval vart oppretta i 2013. Utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkstyret og kommunane.

Fylkesmennene hadde forvaltningsmyndighet for verneområda fram til opprettning av kommunal forvaltning/KUR og nasjonalparkstyret. Miljøvernnavdelingane har erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek i fagsamlingar der dette er relevant.

I tillegg har fylkesmennene klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret. I tillegg har fylkeskommunen myndighet etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel og restaurering.

## Brukbarar

Reinheimen er villmark og brukspark, med interesser spesielt knytt til den tradisjonelle lokale og regionale bruken som jakt, fiske, beitebruk, seterdrift og landbruksnæring. Dette fører til behandling av stor mengde enkeltsaker, særleg søknader om motorisert ferdsel og byggesaker.

Det er god forståing og liten konflikt mellom verneinteresser og landbruk innan verneområdet. Det er viktig med eit godt samarbeid med private aktørar for å kunne ivareta verneverdiane.

Reiselivet i Reinheimen er beskjedent, men kjende attraksjonar som Trollveggen og Trollstigen står likevel i ei særstilling, med årleg besøkande på ca 800.000. I Reinheimen vart det gjennomført besøksundersøkingar i 2011. Desse undersøkingane påvisar både staus og utfordringar for nasjonalparkforvaltninga. Besøksundersøkinga viser at Reinheimen er et to-delt område i forhold til bruk. Størst besøk i nordvest (typisk turistar og utlendingar), mindre i søraust (lokal og regionalt besøk). Attraksjonar som Trollstigen og Trollveggen i nordvest har på ei anna side ca 800 000 besøkande i året!!

- Reinheimen er lite kjent som reisemål, mykje tilfeldig bruk i samband med rundreise
- Mest lokalt, regionalt besøk (Austlandet og Nordiske land manglar?)
- 33% utlendingar
- Besøk frå Austlandet og Nordiske land manglar - uutnytta potensiale i marknaden!
- Behov for å gje nasjonalparkstatusen kjent! Informasjonsarbeid!
- DNT (Ålesund-Sunnmøre) er den viktigaste kjelda til informasjon for dei besøkande, jf. undersøkinga

## Sentrale dokument

**Naturmangfaldlova** vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldlova.

### Verneforskrifter for

Reinheimen nasjonalpark,  
Ottadalen, Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen landskapsvernområder og  
Brettensmoen naturreservat, vart sett i kraft 24.11.2006.

**Forvaltningsplan** for Reinheimen vart vedteken i mars 2010.

## 3. Arbeid i nasjonalparkstyret 2015

Nasjonalparkstyret består av representantar som er geografisk spreidde og med andre politiske verv i tillegg. Det er lagt opp til minimum 4 fysiske møte i løpet av året. På grunn av stor saks mengd vert arbeidsutvalet (AU) nytta i stor grad for å behandle dispensasjonssaker som ikkje er delegert til forvaltar.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen hadde 6 møte i 2015, og behandla **46 saker**.

1/15	2.mars	Bjorligard Hotell, Lesja*
2/15	26.mars	Telefonmøte
3/15	9.-10.juni	Lesja Bygdetun**
4/15	7.september	Fjordhagen i Valldal***
5/15	2.november	Telefonmøte
6/15	26.-27.	Norsk Fjellmuseum, Lom

\*inkl. møte med fagleg rådgjevande utval

\*\*inkl. synfaring i Finndalen og Lordalen

\*\*\*inkl. besøk i Tafjord kraft- og skredsenter

Arbeidsutvalet hadde 9 møte og behandla **17 saker**. Møte i AU har vore via e-postutveksling og telefon.

1/15	14.januar	Telefonmøte
2/15	20.januar	E-postbehandling
3/15	24.april	E-postbehandling
4/15	8.mai	E-postbehandling
5/15	29.juni	E-postbehandling
6/15	14.juli	E-postbehandling
7/15	3.august	E-postbehandling
8/15	13.august	E-postbehandling
9/15	6.oktober	E-postbehandling

Forvaltarane har i medhald av delegert myndighet gjort administrative vedtak i **55 saker**.

Under er sakene fordelt etter tema samla for Nasjonalparkstyret / AU / Adm. vedtak:

Type saker	Tal saker 2014	Tal saker 2015
<b>Adm./generelle vedtak (Styre/AU)</b>	18	
<b>Vedtak om motorferdsel (Styre/AU/Adm.)</b>	72	
<b>Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, inngjerding, stiar o.l.) (Styre/AU)</b>	16	
<b>Vedtak om plassering båtar, lavvo</b>	3	
<b>Vedtak om arrangement</b>	1	
<b>Generelle uttaler</b>	3	
<b>Vedtak om plan og planarbeid</b>	2	
<b>Vedtak om økonomi</b>	2	
<b>Klagebehandling</b>	1	
<b>Andre tiltak(Styre/AU)</b>	3	
<b>Sum</b>		<b>121</b>

Aktiviteten i 2015 ber som tidlegare prega av ei stor mengd enkeltsaker til behandling. I tillegg er arbeidsoppgåvene knytt til oppfølging av tiltak i verneområdet med synfaring og møter, og felles uttale i samband med tiltak.


## Spesielle saker

Nasjonalparkstyret for Reinheimen er bevisste på at verneområda skal har eit «spesielt strengt vern mot inngrep og motorferdsel ved behandling av einskildsaker», og dei ser heilskapen i verneområda – på tvers av kommune- og fylkesgrenser.

Styret har gjort prinsipielle vedtak på søknader om landing og låg flyging med helikopter i verneområdet i samband med filmopptak til TV og PR tiltak. Det vert gjeve avslag på søknader som skal marknadsføre produkt der naturen og verneområdet primert er ei kulisse. Nasjonalparkstyret meiner at slik motorisert trafikk bør leggast utanom verneområdet. Dersom filmopptaka skal formidle kunnskap om verneverdiane, har nasjonalparkstyret i nokre saker gjeve dispensasjon til bruk av motorisert framkomstmiddel om det er heilt nødvendig.

Det vart i 2014 gjeve dispensasjon til utbygging av 3 basestasjonar for nasjonalt naudnett på fjelltoppane Hurrungen, Skarvedalseggen og Skarfjellenden i verneområdet.

Utbygginga har ført til stort behov for motorisert helikopter- og snøscootertrafikk under byggearbeidet, og i samband med tilsyn og drift. Det har vore svert utfordrande og overprøve behov for den motoriserte trafikken i verneområdet, og kommunikasjon med utbyggjar har til tider vore dårlig og svært utfordrande. På Skarfjellenden (foto, t.h) kom det søknad om 70 helikopterlandinger, og i realiteten vart det behov for over 100 landingar i samband med byggeprosjektet. På Hurrungen og Skarvedalseggen er det og gjeve dispensasjon til å bruke bandvogn og snøscooter i samband med bygging. Dette har ført til nokre uheldige situasjoner i verneområdet som både SNO og lokalbefolkning har reagert på. Styreleiarande i Reinheimen, Dovrefjell-Sunndalsfj., Breheimen og Nærøyfjorden sendte eit felles brev til Direktoratet for naudkommunikasjon i 2015, der dei mellom anna peika på utfordringane med bygging i høgfjellet, og der dei bad om ein betre kommunikasjon med nasjonalparkforvaltninga.



Basestasjon på Skarvedalseggen (foto, midten) er ikkje ferdig bygd, og på basestasjon på Hurrungen (foto, t.v) er det store problem med å få til ei stabil drift, noko som fører til stadig akutte behov for motorisert ferdsel for å rette opp feil.

## Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det kommande året i verneområda (bestillingsdialogen). Nasjonalparkstyret meldte inn behov for finansiering av tiltak på hausten 2014. Etter tildeling av midlar til verneområdet i mars 2015, prioriterte nasjonalparkstyret tiltak for gjennomføring i løpet av 2015.

Tiltaksmidlar for 2015 (bestillingsdialogen)	Tildeling	Tillegg	Regnskap	Gjennomføring, merknad
<b>Skjøtsel</b>				
<i>Skjøtsel Romsdalen Ivo</i>	<b>57040</b>		<b>46540</b>	<b>Private, SNO</b>
<i>Skjøtsel Lordalen Ivo</i>	<b>24440</b>		<b>24200</b>	<b>Private, SNO</b>
<i>Skjøtsel Finndalen Ivo</i>	<b>15000</b>		<b>6000</b>	<b>Private, SNO</b>
<b>Stiarbeid</b>				
<i>Rydding stig Muldalen</i>				<b>SNO</b>
<i>Trollstigplatået-Stabbeskadet, steintrapp mm</i>	<b>50000</b>	30000	<b>80000</b>	<b>Nordveggen AS, Sherpa</b>
<b>Informasjon/innfallsport</b>				
<i>Billingen, landskapsplan, forprosjekt</i>	<b>60000</b>		<b>60000</b>	<b>Nasjonalparksenteret Norsk Fjellmuseum</b>
<i>Tunga Brøstdalen, toalett og parkering</i>	<b>80000</b>		<b>80000</b>	<b>Brøstdalen veglag</b>
<i>Minnesmerke 'Kabbin'</i>	<b>25000</b>		<b>25000</b>	<b>Rauma Historielag</b>
<b>Naturrettleiing</b>				
<i>Barnas naturoppsyn</i>	<b>10000</b>		<b>0</b>	<b>Ikkje gjennomført 2014, omdisponert</b>
<b>Kulturminne</b>				

	<i>Restaurering Storteppingje, forprosjekt</i>	<b>30000</b>		<b>30000</b>	<b>Lia Grunneigarlag, Geir Vetti</b>
	* Rekneskap eks. midlar forvalta av lokalt SNO * Viser til rapportar frå SNO for 2015 om skjøtsestiltak og fysisk informasjon i Reinheimen.				
<b>Drift</b>			<b>Budsjett</b>	<b>Rekneskap</b>	
<b>Sekretariat</b>	kontorhald, reiser, m.m. utanom løn		<b>118.000</b>	<b>105.219</b>	
<b>Styret og utvala</b>			<b>367.000</b>	<b>292.249</b>	
	Reise- og møtegodtgjersle nasjonalparkstyret				
	Reiseutgifter rådgjevande utval,				
	Administrativt kontaktutval				

## Ulovlege tiltak

SNO rapporterte om 2 ulovlege forhold på bygg i 2014. I medhald av naturmangfaldlova § 69, på Fylkesmannen i Møre og Romsdal riving i samsvar med gjevne vilkår i det eine tilfelle, og byggjestopp i det andre tilfelle. Nasjonalparkstyret fekk desse sakene til behandling i 2015. Det vart og ei klagesak i tillegg.

## Andre utval

Det er oppretta eit Fagleg rådgjevande utval for Reinheimen, som består av 34 representantar for dei ulike interessene i området; grunneigarar, andre offentlege organ, fjellstyrer, næringsliv, friviljuge organisasjonar, m.a. natur- og miljøorganisasjonar og liknande. Nasjonalparkstyret hadde møte med Fagleg rådgjevande utval på Bjorligard Hotell 2. mars 2015. Administrativt kontaktutval og SNO var også representert på møtet.

Ei utfordring for nasjonalparkstyret er å finne ein god og føremålstenleg arbeidsform for dei årlege dialogmøta med Fagleg rådgjevande utval.

## 4. Aktivitet

### Informasjon

SNO og nasjonalparkforvaltar har delteke og informert på arrangement, møter, seminar og i felt på beferingar. Som jaktoppsyn, er SNO også i direkte kontakt med jagarar under villreinjakta.

Det er ikkje tilsett naturrettleiar for Reinheimen, og skuleopplegga vert tilfeldige etter behov. Det er likevel årlege faste skuleopplegg som SNO og forvaltar er med på. Eit av dei er «Barske Glæder» for 5.klassane i Vågå, Lom og Skjåk arrangert på nasjonalparksenteret Norsk Fjellmuseum i Lom. I tillegg har SNO vore med skuleklassar ute etter førespurnad. Barnas naturoppsyn for 6.-7. klasse vart gjennomført i 2014, men ikkje i 2015.

Oversikt deltaking kurs, konferansar og informasjonsverksemd 2015

Dato	Kurs, konferansar - Tema	Kristine Sørlie	Frå NP-styret
27.-28. januar	Strategisamling 2015 – Miljøvernnavdelinga Pellestova, Øyer	x	
13.-15. april	Nasjonalparkkonferansen 2015, Miljødirektoratet	x	Per Magnus Snøtun Torbjørn Rødstøl Bjarne E. Holø
21.-23. sept.	Nasjonal vernefagsamling, Sundvollen, Buskerud	x	
14.-15. okt.	Haustsamling nasjonalparkforvaltarane i Oppland med open fagdag	x	Bjarne E. og Rolv Kristen på open fagdag.

Informasjon, fordrag, deltaking i formelle møte, representasjon arrangement, 2015

Dato	Tema	Repr.
29.02.2015	Fonnefunnseminar, Møre og Romsdal fylkeskommune, Molde	Kristine (Carl B. Dovre-Sunndalsfj.)
22.05.2015	Vertskapskurs, Norges nasjonalparkkommuner/landsbyar, Lesja	Kristine
17.06.2015	Utstillingsopning "Over isen - funn frå isen viser veg", Norsk Fjellmuseum.	Kristine, Per Magnus Berdal, Bjarne E. Holø, Rolv Kristen Øygard
06.09.2015	Opning av pilgrimsleden gjennom Reinheimen (Sylte i Valldal – Brøste), Alstad i Valldal	Per Magnus Berdal Steinar Tronhus
03.09.2015	Kontaktforum Villreinfangst som verdsarv, Hjerkinn	Kristine Rolv Kristen Øygard Steinar Tronhus Iselin Jonassen
05.10.2015	Møte om jervjaktprosjektet i Oppland, Vågå v/prosjektleiar fylkesmann i Oppland	Kristine Rolv Kristen Øygard

Møte med eksterne partar 2015

(utanom styremøte, AU, fagleg rådgj., interne arbeidsmøter nasjonalparkforvaltarar og SNO)

Dato	Tema		Andre
6.mai	Møte om beiteinteresser i verneområda, forv.plan retn.liner	Kristine	Forvaltare i Langsua, Forelhogna
26.mai	Kommuneplanarbeid i Skjåk, oppstartsmøte	Kristine	Forvaltar Breheimen, politikare Skjåk komm
4.juni	Befaring i Finndalen	Kristine	Fjellstyreformann, sekretær og oppsyn i

			Finndalen, SNO
11.juni	Felles befaring i Finndalen	Kristine	Finndalen fjellstyre, oppsyn i Finndalen, SNO
15.juni	Oppstartsmøte og befaring, plan for Billingen	Kristine	Anne Silje Berg(nps) SNO, Skjåk Alm., Skjåk komm., Billingen Seterpensjonat, forvaltar og SNO Breheimen
30.juni	Befaring grusuttak Horgheimsetermoen mm. i Brøstdalen.	Kristine	Lars Fransplass, entreprenør, Jan Rauma komm. v/Jan Petter Vad
1.juli	Befaring og møte om turstig frå Trollstigplatået til Stabbeskardet	Kristine	Nordveggen AS v/Solveig Brøste Sletta og Nils Hole
25.august	Prosjektmøte og befaring på Billingen	Kristine	Anne Silje Berg(NPS) SNO, Skjåk komm., Billingen Seterpensjonat, forvaltar og SNO Breheimen, NorplanAS v/landskaps-arkitekt
6 og 7.okt	Oppstartsmøte - vrimleareal og ny utstilling Norsk Fjellmuseum	Kristine	Prosjektgrupper
8.oktober	Billingen - landskapsplan	Kristine	Anne Silje Berg(NPS), Nordplam AS v/landskapsarkitekt
8.oktober	Oppdragsmøte om «Sårbarheitsvurdering for fugl i Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernombområder»		Kistefoss Skogtenester v/Geir Høitomt, SNO
20.oktober	Møte om «Nasjonalparkinfo ved Lesja bygdemuseum og informasjon/formidling av fangstanlegget på Slådalen»	Kristine	Lesja kommune, Gudbrandsdalsmusea v/Lesja Bygdetun
17.nov.	Prosjektplanmøte: informasjon/formidling av fangstanlegget på Slådalen og nasjonalparkinformasjon	Kristine	Lesja kommune, Gudbrandsdalsmusea v/Gunnhild og Benedicte
1 og 2.des	Prosjektgruppemøte: vrimleareal og ny utstilling Norsk Fjellmuseum	Kristine	Prosjektgrupper

## Skjøtsel og vedlikehald

Kulturlandskapet er ein viktig del av verneføremålet i landskapsvernombområda, og i 2013 vart det inngått 5-årige avtalar med 14 private grunneigarar/bruksrettshavarar for gjennomføring av skjøtsel på verdifulle areal i Finndalen, Romsdalen og Lordalen landskapsvernombområde. I 2015 vart det bestilt arbeidsressurs frå SNO til å følgje opp og vurdere alle skjøtselstiltaka basert på dei 14 private skjøtselsavtalane i landskapsområda.

I tillegg til dei private skjøtselsavtalane vert det kvart år utført skjøtseltiltak som tilrettelegging, rydding og ettersyn/vedlikehald av tidligare utførte tilretteleggingstiltak og grenseskilt og informasjonstavler. Ansvarleg utførar er SNO, og nokre av tiltaka vert også utført ved tenestekjøp frå lokale aktørar og frå fjellstyra.

I 2015 har SNO gjennomført ei vurdering av alle dei 18 informasjonspunkta med fysiske informasjonstavler, som er sett opp i og kring verneområdet. I tillegg har SNO sett på dei totalt 32 mindre informasjonstavlene om spesielle tema knytt til verneområdet. I om rundt Reinheimen er det pr. i dag ca. 100 informasjonsskilt om verneområdet. SNO har dokumentert status om skjøtselstittak og fysiske informasjon i Reinheimen, i eigne rapportar for 2015.

## Arrangement i og rundt verneområdet

Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med desse arrangementet.

- Norsk Fjellfestival, Åndalsnes, Romsdalen og Trollstigen, 5. – 12.juli 2015  
Stor festival med ulike turar, kurs, konserter for ulike aldersgrupper, i og utanfor verneområda.
- Tollveggen Triatlon, frå Åndalsnes opp Trollstigen, ut til Stabbeskardet, 11.juli 2015.



Fullteikna, med maks 200 deltagare.

(Foto: frå arrangementet i 2015, Norsk Fjellfestival)

- Nasjonalparkfestival i Skjåk, august 2015  
Turar og arrangement i verneområda.
- Diktardagar i Lom, 4.-6. september 2015  
Sundag 6. september 2015  
Vandring på Diktarstigen til Jan-Magnus Bruheim i Skjåk, på Billingen  
Konsert med Sol i skuggeskog på Billingen seterpensionat.
- DNT-Ålesund og Sunnmøre turistforening, eige turprogram og arrangement Tafjordfjella
- DNT-Gudbrandsdalen, felles turar og arrangement i verneområdet

## 5. Vidare arbeid

### Revisjon av forvaltningsplanen:

Forvaltningsplan for Reinheimen var godkjent i 2010. Forvaltningsplan skal normalt reviderast etter 10 år. Sjølv om gjeldande forvaltningsordning i Reinheimen var på plass etter 2010, så er det pr. i dag ikkje nødvendig å starte opp med det omfattande arbeidet med revidering før 2020.

### **Besøksstrategi:**

Det er ikkje utarbeidd besøksstrategi for Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområdar.

Besøksundersøkinga frå 2011 er eit viktig grunnlag for utarbeiding av besøksstrategi for verneområdet, og for å kunne følgje med på endringar i besøk og reiselivsutvikling. Utarbeiding av besøksstrategi vil vera eit viktig arbeid vidare for styret framover.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen søkte om å bli med som pilot i prosjektet til Miljødirektoratet 2014-2017; «Besøksforvaltning i nasjonalparkane», men vart ikkje plukka ut. Styret har likevel sett i gang tiltak i 2015 på viktige innfallsporter som Trollstigplatået, Tunga bru i Brøstdalen og Billingen. I tillegg er det gjennomført tilretteleggingstiltak i Finndalen og det er ønskje om å ta opp att planar på Slådalen/Fauttjønn i Lesja.

### **Kartleggingsarbeid:**

Det var ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiene i området i forkant av at Reinheimen nasjonalpark vart oppretta i 2006. Det er eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bestandsmål). Kartleggingsarbeid for å styrke kunnskapsgrunnlaget er aktuelt i åra framover, og avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning av verneområda fram i tid.

### **Ny merkevare og besøksstrategi for Norges Nasjonalparker:**

Miljøvernmyndighetane lanserte en ny merkevare- og besøksstrategi for Norges nasjonalparker, på Nasjonalparkkonferansa i Trondheim 13.-14.april 2015. Målet er at fleire skal besøke nasjonalparkane. Det er Snøhetta Design AS som har laga den nye felles visuelle identiteten og merkevaren for Norges nasjonalparkar og naturinformasjonsentre. Arbeidet med å implementere den nye merkevaren med ny visuell identitet for alle nasjonalparkane vil ta mange år, og krev finansiering. I 2015 var det berre dei 4 verneområder (pilotane) som fekk ekstra midlar til merkevarearbeid.

## **6. Glimt frå 2015**



Nasjonalparkstyret på synfaring i Lordalen 10.juni, med representantar frå Lordalen fjellstyre og Lesja kommune.



Nasjonalparkstyret tester ein av mange bruer over Råkå på Vangen i Finndalen 9.juni.



Utstillinga "Over isen - funn frå isen viser veg" vart ofisielt opna av Kronprins Haakon 17.juni 2015, på Norsk Fjellmuseum.  
(Foto: GD, Marius B. Staveli)



Ein av dei mest spanande funna i den nye utstillinga er ei 1300 år gammal ski med binding, funne innafor Lordalen i Reinheimen nasjonalpark hausten 2014 av arkeolog Runar Hole. Her studerar Per Magnus Berdal og Runar Hole den originale skia med lærbinding.



Gro Marita Stennes Valdal, dagleg leiar på Tafjord Kraft- og skredsenter, fortel om store fjellskred i Tafjord. Per Magnus Berdal, Rannveig Brennhaug, Frøydis Austigard og Tove Merete Røvik Istad ventar spent på raset frå fjellet! Besök i samband med styremøte 7.september i Valldal.



Frå starten ved Grønning i Valldal, av pilgrimsleia gjennom Reinheimen.

Møte på Billingen seterpensionat, og synfaring på innfallsporten Billingen, 25.august:



Prosjektgruppa: Anne Silje Berg (prosjektleiar), Skjåk Almenning, Skjåk kommune, SNO og forvaltarar i Reinheimen og Breheimen, eigar og drivar av Billingen seterpensionat.





Tilretteleggingstiltak på turstig frå Trollstigplatået ut til Stabbskardet på toppen av Trolltindan og Trollveggen i Reinheimen nasjonalpark. Det er ei gruppe på 3 sherpaer som har gjennomført arbeidet under leiing av Nordveggen AS og Nils Hole. Ein utfordrande start på turstigen over eit sva er no tilrettelagt med ein dekorativ og solid steintrapp. (Foto: Solveig Sletta)

Ny steintrapp på turstigen mot Stabbeskardet frå Trollstigplatået, (Foto: Thomas Rødstøl)



Ny informasjonstavle og utedo på Odden i Finndalen landskapsvernområde.

Utedoen er oppført i regi av Finndalen fjellstyre, og er finansiert med tiltaksmidler gjennom nasjonalparkstyret for Reinheimen.



Nytt tilbygg på DNT-Ålesund og Sunnmøre turistforening si hytte, Vakkerstøylen, ved Ulvådalsvatnet i Reinheimen nasjonalpark, foto teke 4.oktober 2015

